



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 21.10.2014

---

**Sak nr.:** 14/6747-2

**Internt l.nr.:** 33899/14

**Sak:** 51/14

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 21.10.14**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid v/Deloitte AS
  - a. Samhandling

*Det er gjennomført ekstra intervju i saka for å få fram naudsynte opplysningar i prosjektet. Verifisering og høyring er forventa å vere ferdig innan 15.01.15. Rapport er planlagt ferdig innan utgangen av januar 2015.*

- b. Tilskotsforvaltning

*Revisor har hatt dialog med fylkesrådmannen vedr. plan for verifisering og høyring. Verifisering er planlagt ferdig 28.10. Høyringsutkast vert sendt 30.10 med høyringsfrist 13.11. Rapport vert ferdigstilt innan 14.11.*

2. Status selskapskontroll underarbeid v/SF revisjon IKS
  - a. Forvaltningsrevisjon F1 Holding

*Revisor orientert om framdrifta i prosjektet. Det er varsla ei viss forseinking i gjennomføring av intervju på grunn av ledig tid for intervjuobjekta. Revisor ba også om ei avklaring frå utvalet rundt problemstilling 1 i prosjektplanen. Utvalet ba kontrollsjefen utarbeide eit notat med vurderingar rundt dette.*

3. Nytt frå NKRF
  - a. Revisjonskomiteen – Revisors oppgaver knyttet til misligheter

*Informasjonsskrivet frå NKRF vart teke til vitande. Kontrollutvalet vil gjere vurderingar av kontrolltiltak knytt til misligheter og korrupsjon.*

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar i utvalet orienterte frå møte i representantskapet til SF revisjon IKS. Orienteringa vart teken til vitande.

Nestleiar orienterte utvalet om høyringsmøte han deltok på i KMD/Deloitte AS om ei

undersøking av kontrollutval og sekretariat utført av Deloitte AS på oppdrag frå departementet. Rapporten etter undersøkinga vert sendt departementet.

Det er avtalt kontrollutvalsmøte 28. oktober kl. 11 – 12 (Telefonmøte) der utvalet vil handsame sak om vurdering av framtidige innsparingstiltak, ref. vedtak i KU-sak 35/14.

Det er innsparingspunkt 4 med underpunkta

- a. Endring frå 5 til 3 representantar i kontrollutvalet
- b. Kontrollutvalsmedlemmane vert valt frå fylkestinget sine medlemmar som vert vurdert i denne saka.

Utvalet vart orientert om innspel om kontrollutvalet til budsjettboka 2015.